

Møtereferat

Til stades:	Terje Lohndal (leiar), Linn Okkenhaug Getz, Randi Solheim, Vikas Thakur (video), Anders Ulstein, Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Wolf Ludwig Kuhn, Thor Bjørn Arlov (sekretær/referent)		
Forfall:			
Kopi til:	Prorektor forskning		
Gjelder:	Utval for revidering av NTNUs språkpolitiske retningslinjer (Språkpolitikkutvalet), 1. møte		
Møtetid:	Måndag 10.01.2022 kl. 13.00-15.00	Møtestad:	Digitalt (Teams)
Signatur:			

1. Innkalling og sakliste

Det var innkalla til møte i e-post og i Teams-kanalen til utvalet. Det var ingen merknader til innkallinga. Referat frå førre møte var sendt ut tidlegare og godkjend.

SAKSLISTE

Sak	Innhald
1.	Oppdatering frå møtet med seksjon for teiknspråk og tolking
2.	Status webinar (det kan bli aktuelt å diskutere namn)
3.	Vidare arbeid med retningslinjene: Utdanning og forskning.
4.	Eventuelt

Postadresse7491 Trondheim
Norway**Org.nr. 974 767 880**postmottak@ntnu.no
www.ntnu.no**Besøksadresse**Høgskoleringen 1
Hovedbygningen**Telefon**

+47 73595000

SakshandsamarThor Bjørn Arlov
thor.arlov@ntnu.no
Tlf: 90635072

2. Korte orienteringar og oppdateringar

- Leiar og sekretær har hatt eit fruktbart møte med Anna-Lena Nilsson og Torill Ringsø ved Seksjon teiknspråk og tolking den 7. januar. Seksjonen er opptatt av og positiv til arbeidet. Dei vil gjerne sjå tidlege utkast og tilbyr seg å komme med innspel. Terje antyda mai månad som ei tid slike innspel kan vera spesielt nyttige.
- Sekretæren har samarbeidd med Kommunikasjonsavdelinga om ekstern nettside (wiki) for utvalet. [Sida er no oppretta, men har førebels lite innhald. Sjå sida [Revidering av NTNUs språkpolitiske retningslinjer.](#)]
- Leiar og sekretær skal vere med i møte i Utdanningsutvalet 17. januar og informere om arbeidet i utvalet. Rapport kjem i neste møte.
- Rektor har gitt ei ekstraløyving til styrking av tilbodet om norskopplæring i 2022. Sekretæren blir med på møte med ISL 18. januar om bruk av midlane. Rapport kjem i neste møte.

3. Status for webinar

Det er gjort førebels avtale med Seksjon for læringsstøtte om bruk av Studio Akrinn til webinarer om språkpolitikken. Det er antyda mogleg sending i andre halvdel av mars. Det er grenser for kor mange som fysisk kan vere i med i studio, helst 3-4.

Ludwig har forsøkt å rekruttere ein stipendiat gjennom Dion til å sitte i panelet, så langt utan hell. Cecilie meinte at ein studentdeltakar primært er viktig i bolken om norsk og engelsk, og føreslo å spørje leiar i Studenttinget, noko Terje støtta. Det blei òg nemnt at innspelte videosnuttar kunne brukast for å få med fleire poengterte synspunkt.

Terje bad om at kommentarar og framlegg om deltakarar blir sende inn i løpet av veka. Leiar og sekretær tar planlegginga vidare og melder attende i neste møte.

4. Utkast til retningsliner, utdanning og forskning

Utvalet gjekk gjennom kapittel 2 Utdanning og gjorde endringar i utkastet som låg føre. Det blei mellom anna løfta fram at norsk er hovudspråk i undervisninga ved NTNU, jf. § 10. Rekkefølga i punkta blei endra, og nokre formuleringar justerte.

Utvalet gjekk så gjennom kapittel 3 Forskning og gjorde justeringar i utkastet. Det blei sett inn ein ny § 19 om kollektiv ansvar for utvikling av norsk fagspråk. Det kom forslag om at kapittelet Oppfølging bør innehalde eit punkt om språkpolitikk i instituttstrategiane.

Leiar innarbeider endringsforslaga i eit revidert utkast som blir lagt ut i Teams-kanalen.

5. Eventuelt

- Det var inga saker til Eventuelt. Utvalet var godt nøgd med møtet som slutta kl. 14.25.
- Neste møte (digitalt) er måndag 14. februar 13.00-15.00. Førebels innkalling er sendt ut, sakliste og møtepapir kjem i veka før møtet.